

# Bruk av iPad og ePolitiker

## Legg til rette for å lese politiske saksdokument på iPad

Denne oppskrifta viser mellom anna korleis du kan gjere iPad-en din klar for å laste ned politiske saks-dokument i ePolitiker og korleis du kan lese dei i GoodReader.

## Innhald

1. Gjer iPad-en klar .....	2
Skaff deg mobil datatilgang .....	2
Hent siste versjon av operativsystemet (iOS) .....	2
2. Opprett konto i App Store .....	3
Last ned appar frå App Store .....	3
3. E-politiker .....	5
Kom i gang .....	5
Korleis ta applikasjonen i bruk .....	6
Førstesida .....	6
Profilsida .....	7
Kva du finn i ePolitiker .....	8
Korleis hente ei møteinnkalling .....	9
Når eg har valt eit utval .....	10
Protokollar .....	12
Dokument som ikkje er offentlege .....	12
Kalender – korleis leggje til eit politisk møte i eigen kalender .....	13
Ettersendingar .....	13
4. PDF-lesaren GoodReader .....	14
Korleis bruke GoodReader .....	14
Flytte og slette dokument .....	14
Notat og andre verktøy .....	15
Verktøylinja nedst i biletet .....	17
5. Fyll ut PDF-skjema på iPad .....	19
6. Les sakene på internett .....	19
7. Brukarstøtte for iPad .....	19
8. Brukarhandbøker for iPad .....	20

# 1. Gjer iPad-en klar

## Skaff deg mobil datatilgang

Du gjer dette berre ein gong.

Du må ha tilgang til trådløst nettverk (wifi) eller mobilt datanettverk for å kunne laste ned saker.

Kontakt mobiloperatøren din og be om at dei sender deg eit SIM-kort som kan nyttast til datatrafikk, eit såkalla tvillingkort. Datatrafikkutgiftene du vil få, vil komme på same faktura som mobiltelefonabonnementet ditt. Dette vert refundert.

## Hent siste versjon av operativsystemet (iOS)

Du bør gjere dette kvar gong det kjem melding på iPad-en.

Før du lastar ned appar, må du syte for at iPaden har siste versjon av iOS.

Dersom det er eit lite tal nedst til høgre på innstillingar, må iPaden oppdaterast. Sjå biletet nedanfor.

**Merk:** Du må vere på trådløst nett (wifi) når du installerer oppdateringa.

### 1. Trykk på innstillinger



### 2. Trykk på Oppdatering



### 3. Last ned og installer

## 2. Opprett konto i App Store

Du gjer dette berre ein gong.

Du kan opprette konto anten på Apple si nettside ([www.apple.com](http://www.apple.com)), via iTunes ([www.itunes.com](http://www.itunes.com)) eller direkte på iPaden. Vi viser korleis du gjer det via iPad.

Gå inn på App Store-ikonet



No får du opp ei slags velkomst-side. Bla deg ned til botnen av sida der du finn ein logg-på-knapp.



Du vil då få opp eit dialogvindu der du anten kan bruke ein eksisterande eller opprette ein ny Apple-ID.

Dersom du ikkje har Apple-ID frå før:

- Trykk på Opprett Apple-ID
- Følg instruksjonane.



## Last ned appar frå App Store

Hordaland fylkeskommune **refunderer kjøp** av appane som er lista opp nedanfor.

Du må leggje ut for kjøpet med eige kredittkort. Kostnadene vert refundert via reiserekningssystemet. Du må lage eiga rekning for dette.

Reiserekninga > Vel Registrer utlegg. Lenkje: [www.hordaland.no/Reiserekning](http://www.hordaland.no/Reiserekning)

## Appar du bør kjøpe:

ePolitiker		Verktøy for folkevalde (gratis app) Møteinnkallingar og saksdokument vert publisert på ePolitiker. Sakshandsaming i dei fleste utvala i HFK er papirlause, det vil seie at det ikkje vert sendt ut saksdokument eller innkallingar på papir.  <a href="https://itunes.apple.com/no/app/epolitiker/id657710631?l=nb&amp;mt=8">https://itunes.apple.com/no/app/epolitiker/id657710631?l=nb&amp;mt=8</a>
GoodReader		PDF-lesar Det skal lagast PDF-filer av saksdokumenta. Du lastar dei ned ved hjelp av GoodReader. Du kan også skrive notat på sjølve dokumentet.  <a href="https://itunes.apple.com/no/app/goodreader-pdf-reader-annotator/id777310222?l=nb&amp;mt=8">https://itunes.apple.com/no/app/goodreader-pdf-reader-annotator/id777310222?l=nb&amp;mt=8</a>
Letter Opener		Opnar filer frå e-post. Dersom du mottok e-post frå personar med Outlook og Windows-e-post, kan du få vedlegg som winmail.dat format. Winmail.dat-filer er fleire e-postvedlegg som Outlook komprimerer saman til ei stor fil. Letter opener hjelper deg med å opne opp filene slik at du kan sjå/lese vedlegga.  <a href="https://itunes.apple.com/no/app/winmail.dat-viewer-letter/id635655539?mt=8">https://itunes.apple.com/no/app/winmail.dat-viewer-letter/id635655539?mt=8</a>

## Du kan også kjøpe desse:

Keynote



Lage presentasjonar.  
Kom i gang med Keynote:  
[www.apple.com/no/support/ios/keynote/](http://www.apple.com/no/support/ios/keynote/)

Pages



Tekstbehandling.  
Kom i gang med Pages:  
[www.apple.com/no/support/ios/pages/](http://www.apple.com/no/support/ios/pages/)

Numbers



Rekneark.  
Kom I gang med Numbers:  
[www.apple.com/no/support/ios/numbers/](http://www.apple.com/no/support/ios/numbers/)

## Gratis app

Adobe Reader



For å kunne fylle ut t.d. PDF-skjema.  
<https://itunes.apple.com/no/app/adobe-reader/id469337564?l=nb&mt=8>

## Last ned appane

1. Heilt oppe til høgre finn du eit søkjefelt, trykk der og skriv inn namnet på appen. Vi brukar GoodReader som døme.
2. Du vil då få opp ei liste. Trykk på GoodReader for iPad eller trykk på søkje knappen på tastaturet.

3. Trykk på knappen "Kjøp app" ved sida av GoodReader for iPad.



4. Merk at du vil få opp ein påloggingsdialog der du må skrive inn e-post og passord til Apple-ID.

5. Last ned appen. Den legg seg med eit ikon på iPaden.

Du kjøper og lastar ned dei andre appane på same måte.

### 3. E-politiker

Registrerte folkevalde får ein e-post frå systemet (epolitiker.eu) med påloggingsinformasjon.

Dersom du har fått utdelt iPad men ikkje har fått ei slik melding, kan du kontakte [folkevalde@hfk.no](mailto:folkevalde@hfk.no) og be om å få påloggingsinformasjonen tilsendt.

### Kom i gang

Du må laste ned appen i AppStore



Opne App store på iPaden og skriv "epolitiker" i søkjefeltet øvst til høgre. Trykk på dette ikonet og deretter på "hent" og til slutt på "installer"

Når appen er ferdig nedlasta kjem den automatisk til syne på "hjem"-skjermen på iPaden din.

No kan du opne appen.

**Første gong du opnar ePolitiker ber den om tilgang til kalenderen din. Svar "OK" på dette.**

Vel du ved ein feil "ikke tillat", kan du endre dette under innstillingar på iPaden (Personvern – Kalendere – ePolitiker ("slå på" slik at ikonet blir blått).

## Korleis ta applikasjonen i bruk




**Epost:** Her skriv du inn den e-post-adressa som HFK brukar når vi kommuniserer med deg.

**Passord:** Skriv inn det passordet du har fått på e-post frå HFK/ePolitiker. Virkar ikkje passordet, kan du trykkje på "glemt passord"

Huk av for "forbli innlogget"

Vel "logg inn" (Du er allereie registrert)

## Førstesida




**Passord:** Det første du må gjere er å endre passord til noko du hugsar sjølv. Trykk på tannhjula øvst til venstre for å komme til di eiga profilsida der du mellom anna kan endre passord.


# Profilsida


Du kjem no til denne sida.

← Tilbake **HORDALAND** fylkeskommune Logg ut

**Beate**

 Slett bilde

 45519349

 beate.bergsholm@hfk.no

**Kommune**

Kommune / fylkeskommune **HORDALAND**

Språk **Norsk**

**Dokumenter**

Varsel når ny push-synkronisering er mulig

**Profil**

Endre passord

Versjon 1.9

I dette feltet kan du leggje inn profilbiletet, endre telefonnummer og e-postadresse.

Hugs å sende melding til [folkevalde@hfk.no](mailto:folkevalde@hfk.no) når du endrar telefonnummer eller epostadresse i tillegg.


Push-synkronisering tyder at du får melding når det er kome nye innkallingar og saks-papir. Denne er det lurt å ha på.

## Her endrar du passord

Skriv først inn det gamle passordet ditt (det du fekk frå HFK) og deretter skriv du inn det nye passordet to gonger.

Når du har endra passordet, klikkar du på "tilbake"-knappen øvst i venstre hjørne.

## Kva du finn i ePolitiker



Meldingsfeltet: Her vil HFK leggje ut meldingar med viktig informasjon.

Dei raude tala syner at det er dokument inni desse kategori-ane som skal lastast ned.

Du gjer følgjande (hugs å vere tilkobla WIFI sidan nokre av dokumenta er store/tunge):

1. Trykk på pilteiknet/det raude talet ved alle kategori-ane utan kalender som vi skal sjå på seinare.
2. Det finst kategoriar som ikkje viser på skjermen når du opnar, då må du scrolle nedover for å få fram alle.

**Politisk utval:** Her finn du alle dei politiske utvala i HFK og møteinnkallingar til desse.

**Kalender:** Her finn du oversikt over alle møte i politiske utval i HFK.

**Medlemer:** Her finn du oversikt over alle politikarar i dei ulike utvala

**Kontaktinformasjon:** Her finn du informasjon om korleis du kontaktar møtesekretærane og andre i administrasjonen

**Protokoll:** Her finn du protokollane frå alle møta i HFK sine politiske utval

**Handbok for folkevalde:** Her finn du mellom anna delegasjonsreglementet, reglement for folkevalde, etiske retningslinjer og lovverk


**Skjema:** Her finn du mellom anna skjema for reiserekningar

**Ny i fylkestinget:** Her finn du informasjon som er relevant om du er nyvald i HFK



## Korleis hente ei møteinnkalling

Klikk deg inn på "politiske utval" på framsida. Du kjem då til dette biletet.




### VIKTIG!

For deg som er medlem av eit eller fleire utval er applikasjonen sett opp til å gje eit varsel når det ligg føre nye dokument i dei utvala du er medlem av. Dersom du har raude tal til høgre for utvalet, er det dokument som ventar på å bli lasta ned. Når det står ei grøn pil der (slik det gjer i biletet under), er alle dokument lasta ned.


Dei raude tala vil berre kome dersom pushvarslinga står på på profilsida som vi viste deg tidlegare.

Dokument kan lastast ned allereie på framsida av ePolitiker, men vi tilrår at du klikkar deg inn på politiske utval eller heilt inn på det bestemte møtet, før du lastar ned.

## Når eg har valt eit utval



ePolitiker er sett opp slik at det komande møtet alltid ligg øvst. Du kan alltid finne eldre dokument ved å sjå på "Tidligere møter"




Når det er tilgjengelege dokument viser det i den oransje fana «antall dokumenter».

Om du ikkje har lasta ned dokumentet tidligare vil denne óg ha eit raudt tal i høgre hjørne (eit push-varsel)

For å laste ned dokument klikkar du på «pilteiknet». Sjå neste side

Når du har klikka på pilteiknet får du opp innhaldet i det konkrete møtet. Du vil då sjå alle dokument som er knytt til møtet.



Eg ser at det til dette møtet er to dokument. "**Pilteiknet**" til høgre syner at desse ikkje er lasta ned, saman med det raude talet på fana "antall dokumenter".


Dersom du har lasta ned dokumenta, vil det vere **grøne "haker"** i staden for piler og det raude talet vil vere borte.

For å laste ned, tryk-  
kjer eg på "pilteiknet".

Svar "ja" på meldinga som kjem opp. Dokumentet byrjar å laste. Kor langt det er kome blir signa-  
sert med prosenttel-  
jing. (Sjå neste ark for neste steg)

## TIPS!

- Under dette møtet har du ein "i" til høgre. Som du ser av møtet over er den eine "i"-en grå og den andre blå. Ein blå "i" syner at det er informasjon tilgjengeleg knytt til dokumentet. Trykk på den blå "i"-en for å lese heile teksten.
- Ønskjer du å gå attende til hovudmenyen i ePolitiker kan du alltid trykke deg eitt steg attende ved å velje "tilbake" øvst til venstre, eller du kan trykke "hjem" nedst til venstre.



Dei grønne hakene syner at dokumenta er lasta ned.

For å opne dokumentet trykkjer du på dokument-tittelen og får opp "velg pdf-leser".

Klikk på denne og vel den lesaren du ønskjer å lese dokumentet i (til dømes GoodReader). Sjå meir om dette seinare.

## Protokollar

Under "Politiske utvalg" finn du det vi no har gått gjennom.

For å finne protokollar går du til menyvalet "Protokoller" på forsida (ved å trykkje "Hjem" nedst til venstre). For å laste ned ein protokoll følgjer du stega som vist for innkallingar tidlegare i denne rettleinga.

## Dokument som ikkje er offentlege


U.off. dokument kan ikkje publiserast i ePolitiker. Du vil difor få tilsendt to e-postar for saker som er unnateke offentlegheit:

- ein e-post med eit kryptert dokument
- ein e-post med kode for korleis dokumentet kan opnast

## Kalender – korleis leggje til eit politisk møte i eigen kalender

ePolitiker er sett opp slik at du med enkle klikk kan leggje til eit politisk møte i din personlege kalender i Outlook eller liknande. Men dette inneber at du må ha svart "ok" på spørsmålet om å tillate kalender første gongen du opna applikasjonen.

Svarte du "ikke tillat" på dette? Gå til første side i denne rettleiinga. Øvst på den sida finn du ei oppskrift på korleis du endrar dette.



## Ettersendingar

**Innstillingar:** Møteinnkallinga og sakspapira vert sendt ut ei veke før møtet. Innstillingane frå møte i underliggjande organ som ligg tett opp til møtet i t.d. fylkesutvalet må difor ettersendast. Dei vert lagt på ePolitiker, på det aktuelle møtet.

**Nye opplysningar:** Det hender også at nye, viktige opplysningar i ei sak vert kjende etter at møteinnkallinga og sakene er sendt ut. Også desse vert lagt på ePolitiker.

## 4. PDF-lesaren GoodReader

Vi vonar at leverandøren av ePolitiker etter kvart vil få på plass ein integrert PDF-lesar. Den vil gjere det mogleg å opne, lese og skrive merknadar direkte i appen.

Inntil vidare rår vi til at du nyttar GoodReader og du vil sleppe å opne dokumentet i GoodReader eller liknande.

Opne App store på iPaden og skriv "goodreader" i søkjefeltet øvst til høgre. Trykk på dette ikonet og deretter på "hent" og til slutt på "installer"

Når appen er ferdig nedlasta kjem den automatisk til syne på "hjem"-skjermen på iPaden din.



Appen ser omtrent slik ut: Opne appen.

## Korleis bruke GoodReader

Programmet GoodReader vert brukt til å lese møtedokument.


Ved å trykke lett midt i dokumentet får du opp hovudmenylinja og øvst i venstre hjørne kan du gå tilbake

## Flytte og slette dokument

I GoodReader kan du slette og flytte dokument ved å trykkje på "Manage files".

Merk det dokumentet som skal flyttast eller slettast ved å trykkje i sirkelen til venstre framfor dokumentnamnet. Sirkelen og dokumentnamnet blir no grønt.

Du kan mellom anna endre namn (rename), flytte (move), slette (delete), sende som e-post og kopiere (copy), under menyen i "Manage files" til høgre i biletet.



## Notat og andre verktøy

I GoodReader kan du ta notat på fleire måtar, understreke, "gule ut", teikne, streke over. For å kunne gjere dette, må du ha opna eit pdf-dokument.




Første gang du gjer dette i eit dokument får du spørsmål om du vil lagre til fila eller lage ein kopi. Du vel sjølv om du vil ha ein versjon utan notat.

Hald fingeren der du ønskjer å bruke eit av "verktøya" til du får opp denne menyen:



Merk tekst: Skyv med fingeren med dei blå kulene for å markere meir/mindre tekst. Det som er markert med blått mellom dei to "kulene" er det som er markert.





Trykk på det du har merka/lagt inn for å endre det.

1.  Vert brukt til å kopiere merka tekst.
2.  Vert brukt til å merke alt.
3.  Vert brukt til å søkje m.a. i Google og Wikipedia. Merk eit/fleire ord > søk

Gå tilbake til dokumentet: Dobbeltklikk på kanten av den svarte ramma.

4.  Vert brukt til å lage "gule lappar" i teksten.




5.  Vert brukt til å "gule ut" tekst. Merk først den teksten du ønskjer gula ut ved å dra dei "blå kulene" i ønskt retning. Trykkjer du ein gong til på det utgula området, vil du kunne endre farge, ta bort utgulinga e.l.
6.  Understreke tekst. Bruk på same måte som tidlegere forklart dei "blå kulene" for å merke kor mykje som skal understrekast.
7.  Streke under tekst med "bølgete" strek.
8.  Overstreke tekst.

9.  Skrive fotnote.


10.  Skrive fotnote og samtidig stryke ut tekst slik:




11. -14.  Vert brukt til å få opp slike figurar som ikona viser.



Dei kan endrast i storleik og form ved å dra i dei med fingrane. Du kan slette endre kor tjukke dei er og farge eller flytte på dei ved å trykkje på dei ein gong til. Du vil då få opp eit slikt bilete:



15. Vert brukt til å teikne eller skrive for frihand. Også her kan du få opp ein meny som over ved å trykkje på figuren/teksten etter at den er ferdig.



I tillegg til desse 14 verktøya kan du få opp denne linja om du trykkjer **etter** ein tekst:



Her er det to ekstra funksjonar:  
Bokmerke og ein notatfunksjon for å skrive rett inn i dokumentet.

**Bokmerkefunksjon** for å leggje til eit bokmerke viser vi seinare i teksten.

**Notatfunksjon** for å skrive inn i teksten. Du kan endre farge, storleik og skrift ved å trykkje på teksten.




Skjermlysn  
inn kva  
du vil oppå

teiksten  
er 2011. I tillegg er det  
saman er 750 personar  
Yrkesopplæringsnemn-

## Verktøylinja nedst i biletet

Trykk på skjermen > Trykk på Main Menu

Nedst i biletet vil du få opp denne menyen:



Her ligg det fleire hendige funksjonar:

1. Skjermlyset vert dempa.
2. Snu sida i ønskt retning.
3. Anna sidevisning.
4. A) Slå opp i eigne notat (Annotations). Du får opp ei liste over notata du har gjort i dokumentet og trykk deg direkte til eitt av notata.



B) Finn ei bestemt sak, då den gir eit oversyn (Outlines) over overskriftene på sakene  
Trykk på ønskt overskrift, og du vil få opp riktig sak.




C) Liste over bokmerka dine (Bookmarks). Trykk på ønskt bokmerke, og du går direkte dit.




5.  Slå opp på eit bestemt sidetal. Skriv inn sidetalet og trykk "go".




6.  Søk etter ord i teksten. Skriv inn ordet du ønskjer å finne, og trykk "Search". Du vil da få opp den første staden ordet finst, trykk på forstørrelsesglassa nedst på sida for å få opp alle stadene ordet finst.



7.  Sende på e-post og skriv ut.



## 5. Fyll ut PDF-skjema på iPad

1. Første gong du skal fylle ut skjema: Last ned gratis-appen **Adobe Reader**.  
<https://itunes.apple.com/no/app/adobe-reader/id469337564?l=nb&mt=8>
2. Last opp det aktuelle skjemaet.
3. Trykk lett øvst i høgre hjørne > Opne i Adobe Reader 
4. Fyll ut skjemaet.

## 6. Les sakene på internett

### E-innsyn

Frå 2014 ligg alle møta og sakene i E-innsyn.

Merk: Når ei sak går vidare frå t.d. utval for opplæring og helse (OPHE) til fylkesutvalet, ligg innstillinga **på den aktuelle saka i OPHE**. Den er altså ikkje knytt til den same saka i fylkesutvalet.

Dersom innstillinga frå OPHE var klar før møteinnkallinga vart sendt ut, ligg den også i samledokumentet "Møteinnkalling" til fylkesutvalet.

### Gamle saker

Slik kan du lese gamle saker (frå før 2014) på internett:

1. Gå til <http://polsak.ivist.no/> (Politiske saker)
2. Trykk på aktuelt utval
3. Trykk på aktuelt møte
4. Trykk på aktuell sak
5. Trykk på og hald i ca. 3 sekund på aktuelt dokument > Trykk på Åpne i ny fane
6. Les dokumentet, som ligg i eiga fane på lina over nettsida
7. Fjern dokumentet ved å trykkje på krysset på den aktuelle fana

## 7. Brukarstøtte for iPad

### Apple

Dersom du har spørsmål om bruk av iPad, ta kontakt med Apple sin tekniske telefonsupport. Denne tenesta er gratis å nytte sidan Hordaland fylkeskommune har teikna ein utvida garanti. Her kan du spørje om kva det måtte vere som gjeld iPaden.

Telefon 815 00 158

### IT-service

Dersom iPad-en ikkje fungerer og du treng å nytte garantien, ta kontakt med IT-service i 3. etasje i fylkesbygget. Informasjon frå IT-service er vedlagt.

Telefon 55 23 94 94 / e-post [it-service@hfk.no](mailto:it-service@hfk.no)

### Fylkessekretariatet

Treng du hjelp for å nytte ePolitiker eller andre ting knytta til papirlause møte, ta kontakt med fylkessekretariatet i fylkeskommunen.

Telefon 55 23 90 14 / e-post [folkevalde@hfk.no](mailto:folkevalde@hfk.no)

## 8. Brukarhandbøker for iPad

Apple si side på nett: [https://support.apple.com/no\\_NO/manuals/ipad](https://support.apple.com/no_NO/manuals/ipad)

## **Til deg som er polititar i Hordaland fylkeskommune**

Du har fått utlevert ein Apple iPad Air 2 som skal nyttast til papirlause møter i fylkesting/underliggjande utval.

iPaden er merka på baksida og på eska med informasjon om:

- Namn
- Parti
- ID
- Serienummer
- Leveringsdato til Hordaland fylkeskommune

### **Papirlause møte**

Ordninga med papirlause møte blei etablert i 2012 og gjeld for dei fleste utval og fylkestinget. Nokre få underutval nyttar ikkje ordninga for papirlause møte.

### **Tilgang til internett via trådlaut nettverk**

Der trådlaut nettverk (WiFi) er tilgjengeleg, kan du kople deg opp til dette. Du finn tilkoblinga for trådlause nettverk under innstillingar på iPad.

### **Tilgang til internett utanom trådlaut nettverk**

På dei stadane der trådlaut nettverk ikkje er tilgjengeleg, må du nytte mobilt datanettverk om du skal ha tilgang til Internett. For å kunne nytte dette på iPad, må du ha eit ekstra SIM-kort. Du må kontakte mobiloperatøren din og be om at dei sender deg eit SIM-kort som kan nyttast til datatrafikk, eit såkalla tvillingkort. Datatrafikkutgiftene du vil få, vil komme på same faktura som mobiltelefonabonnementet ditt.

### **App – kva er det og kor får ein tak i dei**

Ein App er det same som eit program. Du må m.a. ha ein App til papirlause møter. For å laste ned ein App, må du oppretta ein *Apple ID* og laste den ned i frå *App Store*. Det vil verte gjeve informasjon om kva for Apps som skal lastast ned/kjøpast. Dersom det vert kostnader med kjøp av Apps, vil kostnader for slike på førehand godkjende kjøp, verte dekkja av fylkeskommunen. Dei appane som trengs for å utføre oppgåver knytt til dei politiske møta er gratis.

### **Bruk av iPad i utlandet**

Ver merksam på auka utgifter om du nyttar mobilt datanettverk i utlandet. Om du har Apps som krev internett-oppkopling, kan det vere at nokon av disse oppdaterer seg automatisk, som igjen gjer at du får auka mobilutgifter. Det er derfor viktig å slå av «Dataroaming», slik at automatisk synkronisering/oppdatering ikkje skjer.

### **Utskrift**

Det er ikkje så enkelt å skrive ut frå ein iPad som frå ein PC. Det er ulike måtar ein kan få det til på, men dette er m.a. avhengig av korleis ein teknisk har installert ein skrivar heime. Det vert ikkje lagt opp til utskrift i fylkeshuset, då det vert lagt vekt på at dette skal vere ei ordning med papirlause politiske møte. Dersom ein har problemstillingar vedk. utskrift, ta kontakt med teknisk telefonsupport hjå Apple (sjå nedanfor).

### **Garanti**

Det er 2 års utvida garanti på iPad. Dette gjer at ein er betre sikra mot uhell. Garantien gjeld f.o.m. kjøpstidpunktet for iPad. Du finn kjøpstidpunktet på etiketten som er satt på iPad og på eska som følger med.

### **Brukarstøtte på iPad**

Dersom du har spørsmål om bruk av iPad, ta kontakt med Apple sin tekniske telefonsupport på telefon 815 00158. Denne tenesta er gratis å nytte sidan Hordaland fylkeskommune har teikna ein utvida garanti. Her kan du spørje om kva det måtte vere som gjeld iPaden.

Dersom iPad ikkje fungerer og du treng å nytta garantien, ta kontakt med IT-service hjå IT-seksjonen i 3. etg. i fylkesbygget, på telefon 55 23 94 94 eller e-post [it-service@hfk.no](mailto:it-service@hfk.no).

Treng du hjelp for å nytta ePolitiker (app for møtekalender, innkallingar og sakdokument) eller andre ting knytta til papirlause møte, ta kontakt med Fylkessekretariatet i fylkeskommunen på telefon 55 23 90 10 eller e-post [folkevalde@hfk.no](mailto:folkevalde@hfk.no).

Lukke til!

IT-seksjonen og fylkessekretariatet  
Hordaland fylkeskommune